



STORD
KOMMUNE



Til føresette til barn i
barnehagar

Informasjon om individuelt tilrettelagt barnehagertilbod

Jf. barnehagelova § 37
Barn med nedsatt funksjonsevne

Nasjonale lover og internasjonale konvensjonar er med å sikra barn med nedsett funksjonsevne sin rett til deltaking i samfunnet på lik linje med funksjonsfriske, jf Diskriminerings – og likestillingslova, Barnehagelova og FNs konvensjon om rettar til personar med nedsett funksjonsevne.

Nedsett funksjonsevne i barnehagen

Barnehagelova § 37 Barn med nedsatt funksjonsevne:

«Kommunen skal sikre at barn med nedsatt funksjonsevne får et egnet individuelt tilrettelagt barnehagertilbud. Plikten til tilrettelegging omfatter ikke tiltak som innebærer en uforholdsmessig byrde for kommunen. Ved vurderingen av om tilretteleggingen innebærer en uforholdsmessig byrde, skal det særlig legges vekt på tilretteleggingens effekt for å nedbygge funksjonshemmende barrierer, de nødvendige kostnadene ved tilretteleggingen og virksomhetens ressurser. Kommunen fatter vedtak om tilrettelegging av barnehagertilbuddet til barn med nedsatt funksjonsevne.»

Nedsett funksjonshemming vert i forarbeidet til § 37 (Prop. 103 L) definert som tap av, skade på eller avvik i ein kroppsdel eller i ein av kroppen sine kognitive, psykologiske eller fysiologiske funksjonar, og vert avgrense mot forbigåande forhold som til dømes beinbrot.

Nedsett funksjonsevne treng ikkje i seg sjølv utgjera ei funksjonshemming. Dette inneber at ei funksjonshemming oppstår når det føreligg eit gap mellom individet sine føresetnadar og omgjevnadene si utforming eller krav til funksjon. Det avgjerande vil vera om vanskane er av ein slik karakter at dei fell utanfor det som ein kan forventa at barnehagen tek hand om innanfor det ordinære barnehagertilbodet, og som difor gjer at barnet ikkje kan bruka barnehagertilbodet på same måte som andre barn.

Målsettinga med individuelt tilrettelegging av barnehagertilbodet etter § 37 er ikkje endring og utvikling hjå barnet, men å byggja ned barrierar som gjer at barnet kan gjera seg nytte av tilbodet.



Barnehagen si plikt

Barnehagen skal tilpassa tilbodet ut frå det enkelte barnet sitt funksjonsnivå, jamfør barnehagelova § 2 tredje ledd.

Rammeplanen seier at barnehagen skal «sørgje for at barn som treng ekstra støtte, tidleg får den sosiale, pedagogiske og/eller fysiske tilrettelegginga som er nødvendig for å gi barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod». Det står vidare at barnehagen «skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbodet etter behova og føresetnadene til barna, også når barn har behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar.

Barnehagen skal sørge for at barn som treng ekstra støtte, tidleg får den sosiale, pedagogiske og/eller fysiske tilrettelegginga som er nødvendig for å gi barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod. Tilrettelegginga skal vurderast underveis og justerast i tråd med behova og utviklinga til barnet».

Barnehageeigar har dermed eit sjølvstendig ansvar for at også barn med nedsett funksjonsevne får eit barnehagetilbod som er i tråd med lova. Men ansvaret til barnehageeigar er avgrensa til kva barnehagen kan gjera innanfor det ordinære tilbodet.



Kommunen si plikt

Kommunen si plikt til å tilrettelegga barnehagetilbodet gjeld der behovet for tilrettelegging er større enn det som barnehageeigar kan gjera innanfor det ordinære tilbodet.

Kommunen må vurdera om barnehagen sin samla kompetanse, bemanning, fysiske utforming, med meir er tilstrekkeleg til å gje barnet eit eigna individuelt barnehagetilbod i samsvar med barnehagelova og rammeplanen.

Kommunen må vidare gjera ei konkret og individuell vurdering av barnehagetilbodet, barnet si funksjonsevne, tilpassingsbehov og korleis barnehagetilbodet kan tilretteleggast i tråd med barnet sitt behov. I vurderinga skal barnet sitt beste vera eit grunnleggjande omsyn.

Kommunen har plikt til å fanga opp barn som kan ha rett på tilrettelegging. Helsestasjonstenesta, tilsette i barnehage og føresette bidreg med dette gjennom melding til kommunen.

Kommunen har ansvar for å fatta vedtak om individuelt tilrettelagt barnehagetilbod når informasjon om dette ligg føre og barnet er busett i kommunen. Vedtaket er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova, og føresette kan påklaga vedtaket til Statsforvaltaren.

Kommunen si tilretteleggingsplikt i ein enkelt barnehage gjeld ikkje dersom tiltaket er ei uforholdsmessig byrde for kommunen. Det betyr at kommunen unntaksvis kan avvisa ynskje om tilrettelegging i ein enkeltbarnehage med grunngjeving i at tiltaket inneber ei uforholdsmessig byrde for kommunen. Døme her kan vera at barnehagen ikkje har universell utforming, og ei utbetring vil medføra store kostnader for kommunen.

